

Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 10. juni 2024 kl. 13:30-15:00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Torodd Kinn (undervisningskoordinator), Peter Svare Valeur (allmenn litteraturvitskap), Jason Nelson (digital kultur), Carl Börstell (språkvitskap), Helga Mannsåker (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Grethe Melbye for Ulla Kallenbach (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Hilde Brynjulfsen for Marianne van Baar (Norskksursa), Heming H. Gujord for Fredrik Parelius (lektorutdanninga), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Lykke Løseth, Pernille Fosse (studentrepresentantar), Helga Ramstad Vatsaas (sekretær)

Meldt forfall: Henning Laugerud (kunsthistorie)

Saksliste

UUI-sak 6/24: Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
UUI-sak 7/24: Orienteringssaker	1
Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar	2
Orienteringssak 2: Fagpersonweb hausten 2024.....	2
Orienteringssak 3: Ressursbudsjett.....	3
Orienteringssak 4: Endringar i studieadministrasjonen f.o.m. 15. juli	3
Orienteringssak 5: Rombestilling for studentar	3
Orienteringssak 6: Studiestasjonen: et nytt veiledningstilbud i skriving og studieteknikk	3
UUI-sak 8/24: Drøftingssaker.....	4
Drøftingssak 1: Felle retningsgivande normer for undervisningsmengd	4
Drøftingssak 2: Innspel til HF-budsjettet for 2025	5
UUI-sak 9/24: Ymist	5

UUI-sak 6/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 7/24: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får **tre minutt kvar** til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

Studentane: Eksamen har tatt nesten all tid den siste månaden.

Nordisk litteratur: Ser lyst på tilværet. Fått stadfesting på at vi får ein stipendiat. Litt kluss med eksamen, men innanfor rimelegheitenes grenser. Spente på implementeringa av det nye lektorprogrammet.

Klassisk: Ny stipendiat som skal skrive om medisinske tekstar. Truleg ein ny masterstudent frå hausten. Ganske gode studenttal på både latin og gresk.

Allmenn litteraturvitskap: Har fått ein førsteamanuensis II frå hausten. Sensuren har fungert bra. Sju masterstudentar som har levert, noko som er uvanleg mykje.

Teatervitskap: Gode studenttal. Får to professor II. Skal ha ansvar for DKT100 hausten 2024.

Norrøn filologi: Står fint til. Veldig engasjerte studentar. Har arrangert studentkonferanse og driv med strukturert lærarutveksling. Forsøker å få til ei dobbelgrad (ph.d.) med Bonn. Landslovsjubileum.

Digital kultur: Travelt semester, nesten berre midlertidig tilsette. Alle jobbar svært bra – og det får ein igjen for. To studentar har vunne prisar. Mange masterstudentar. Skal gjere større emneplanendringar både for å oppdatere programma, og for å tilpasse programma til bemanningssituasjonen. Jobbar med samarbeidet med CDN. Ny førsteamanuensis frå førre veke.

Norsk kursa: 587 studentar våren 2024. Skal tilsette ein vikar. Fagmiljøet har tatt initiativ til ei arbeidsgruppe som skal arbeide med parallellspråklegheit ved instituttet. Ny forskargruppe med fokus på andrespråklæring og didaktikk. Ny utgåve av Byen er Bergen.

Lektorutdanninga: Lektorutdanninga er 20 år! 38 studentar som har levert eksamen i NODI302 (dette er svært mange!). Masterstudentane på nordisk er stort sett lektorstudentar. Tre fast tilsette, i fjor var ingen av dei tre i «normal jobb». Ligg bakpå når det gjeld å halde kontinuitet. Glad for at det skal lysast ut/er lyst ut ei stilling. Det blir betre på sikt. Klarar vi å syte for nynorsk/bokmål-kompetanse. Dette må diskuterast.

Nordisk språk: Tilslag på ei stipendiatstilling. Utlysing ute (for Ivar).

Lingvistikk: Fire masterstudentar har levert. Berre éin av dei leverte til normert tid. Korleis kan ein betre dette? Skriveseminar? Ventar på ein erstattar for Koenraad. Håpar på 1. januar. Tre gjesteforskarar på besøk. Alle frå USA. Teiknspråkkonferanse.

Orienteringssak 2: Fagpersonweb hausten 2024

Frå og med hausten 2024 tek vi i bruk Fagpersonweb til å registrere obligatoriske undervisningsaktivitetar. Helga og Torodd orienterer.

Helga sender ut ei orientering (med brukarrettleiing) tidleg i september.

Orienteringssak 3: Ressursbudsjett

Det er ikkje lenger forventa at fagmiljøa skal levere ressursbudsjett kvart semester. Kvart enkelt fagmiljø står likevel fritt til å bruke malen som eit planleggingsverktøy.

Orienteringssak 4: Endringar i studieadministrasjonen f.o.m. 15. juli

Studieadministrasjonen blir mindre, og det er derfor nødvendig å gjere nokre endringar.

Frå og med 15. juli vil fordelinga sjå slik ut:

Amund	EVU Norskkurs (berre eksamen) Norsk som andrespråk
Mona	EVU
Lisa	Norskkurs
Dina-Eirin	Allmenn litteraturvitskap Språkvitskap
Sissel-Karin	Kunsthistorie Teatervitskap Klassiske fag
Vegard	Digital kultur Norrøn filologi
Veronica	Nordisk språk og litteratur Nordisk fagdidaktikk

Orienteringssak 5: Rombestilling for studentar

Studentane kan sjølve booke grupperom: <https://tp.educloud.no/uib/rombestilling/>

Romma kan bestillast opp til 10 dagar fram i tid, og for opp til fire timar kvar gong. Viss ein *må* bestille eit rom lenger enn 10 dagar fram i tid, kan ein kontakte studierettleiar.

Orienteringssak 6: Studiestasjonen: et nytt veiledningstilbud i skriving og studieteknikk

Studentar kan no få rettleiing i skrivning og studieteknikk av skrivementorar ved UB:

<https://www.uib.no/student/169966/nytt-veiledningstilbud-i-skriving-og-studieteknikk-%C3%A5pent-hver-tirsdag>

UUI-sak 8/24: Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Felle retningsgivande normer for undervisningsmengd

Dersom vi kan einast om felles retningsgivande normer for undervisningsmengd på emnenivå, kan dette mellom anna

- gjere planlegginga av komande semester lettare for fagmiljøa
- gjere studiekvardagen til studentane våre meir føreseieleg
- bidra til å synleggjere eventuelle ressursmanglar

Torodd orienterte.

Frode: Kva status skal desse normene ha? Dersom dei skal vere rettleiande, kan det bli ein papirtiger.

Peter: Einig med det Frode seier. Faga må ha autonomi.

Heming: Ressursbruk per emne kjem godt fram i ressursbudsjettet. Eit studiepoeng er eit studiepoeng.

Eike: Kor mykje undervisning får studentane våre per studiepoeng? Der ville vore bra å ha eit grunnlag.

Heming: Vanskeleg spørsmål. Viktig at det er jambyrdige tilbod. Kva skal normtalet brukast til?

Jason: Digital kultur har ei utfordring i at mykje av programmet er praktisk.

Grethe: Mange bra ting med normer, men det blir vanskeleg viss ein skal ha andre undervisningsformer enn forelesing.

Drøftingssak 2: Innspel til HF-budsjettet for 2025

Vedlegg: Budsjettforslag 2025 – innspill fra institutt og sentre (også sendt ut til fagkoordinatorane 29. mai).

Grethe: Teatervitskap må ha fleire faste ressursar. Effektivisere eksamensform.

Calle: Språkvitskap har snakka om å opne masterprogrammet for KOGVIT-studentar. Skal ein senke lingvistikk-krava?

Jason: Er enkelte av våre fag kategori 2? Utover det som kan knytast til lærarutdanning?

Grethe: Kva med når ein har studentar som tek emne fordi dei skal bruke det til undervisning?

UUI-sak 9/24: Ymist

Ingen innmelde saker.